

Retningslinjer for studieavgift - internasjonale studentar

Fastsett av Direktør: 02.10.2024

Studentar som er statsborgarar av land utanfor EU/EØS og Sveits må betale studieavgift til Høgskulen i Volda (HVO) dersom dei ikkje kvalifiserer til fritak.

Dette dokumentet inneheld utfyllande informasjon om betaling, fritak og refusjon av studieavgift for internasjonale studentar ved HVO.

1. Betaling av studieavgift og semesteravgift

Studentar med statsborgarskap frå land utanfor EU/EØS og Sveits må betale studieavgift til HVO dersom dei ikkje fyller eit av krava til fritak (sjå 2.2.-2.12.).

I tillegg til studieavgift, må internasjonale gradsstudentar også betale semesteravgift til HVO på lik linje med norske borgarar.

Innreisande utvekslingsstudentar frå avtaleuniversitet er fritekne frå å betale studieavgift. Innvekslingsstudentar er også fritekne frå å betale semesteravgift til HVO fordi dei betaler semesteravgift til sin heimeinstitusjon under utvekslingsopphaldet.

Innreisande utvekslingsstudentar som ikkje kjem frå HVO sine partneruniversitet (såkalla *Free Movers*) må betale studieavgift dersom dei ikkje fyller eit av krava til fritak (sjå 2.2.-2.12.).

1.1. Betaling for periode

Studentar på årsstudium eller fleirårige studieprogram må normalt betale studieavgift for eit heilt studieår av gangen.

Det kan gjerast unntak for internasjonale studentar som ikkje treng studietillatelse frå UDI for å studere i Noreg. Desse kan be om å få betale studieavgifta per semester.

Det gjerast også eit unntak for innreisande utvekslingsstudentar utanom avtale («*Free Movers*») som må betale studieavgift for anten eit semester eller eit år avhengig av kor lenge dei skal studere ved HVO.

Studieavgift for eit semester vert rekna som 50% av fastsett sum for eit studieår.

Studieavgift for eit studieår er meint å dekke 60 studiepoeng. Internasjonale studentar på deltidsstudie, og som berre tek 30 studiepoeng per studieår, kan betale halv studieavgift sjølv om dei er studentar eit heilt studieår.

Det er ikkje mogleg å betale studieavgifta i avdrag.

1.2. Studieavgift ved permisjon, utveksling og avbrot

Studentar som får innvilga permisjon for eit heilt studieår treng ikkje betale studieavgift for dette studieåret. Ved permisjon for eit semester, kan studenten søkje om å få sleppe studieavgift for det semesteret ein har permisjon.

Studentar som har betalt studieavgift for deretter å få permisjon frå HVO kan søkje om refusjon av innbetalt studieavgift. Sjå punkt 3. for fristar og prosedyrar for refusjon av betalt studieavgift.

Betalingspliktige studentar som reiser på utveksling må framleis betale studieavgift til HVO for det semesteret eller studieåret dei er på utveksling.

Studentar som avbryt eit studieløp får ikkje refundert innbetalt studieavgift om ein ikkje har søkt refusjon innan gitte fristar (sjå punkt 3).

1.3. Studieavgift ved forlenging av studierett og/eller innpassing

Studentar treng ikkje betale studieavgift for å ta kontinuasjonseksamen eller levere utsett masteroppgåve, så sant studenten ikkje skal følgje undervisning eller er meldt til nye emne i same semester.

Studentar som er lovleg hindra i å gå opp til ordinær eksamen, kan melde seg opp til utsett eksamen utan å betale ny studieavgift.

Studentar treng ikkje betale studieavgift for å ta opp emne som ein har stroke i, så sant ein ikkje samtidig er meldt til nye emne ved HVO.

Studentar treng ikkje betale studieavgift for å innpasse emne frå andre institusjonar.

1.4. Rutine for betaling

HVO vil sende ut ein faktura for betaling av studieavgift. Fakturaen vil vise til beløpet, studieprogram og kva studieår betalinga gjeld. Frist for betaling vil også vise på faktura og fristane er normalt satt til før starten av semesteret/studieåret.

Faktura til nye internasjonale studentar vert sendt ut etter at studenten har takka ja til studieplass og gitt beskjed om at hen ikkje vil be om fritak.

Faktura til studentar i løp vert sendt ut ved nytt studieår eller nytt semester dersom ikkje studenten søkjer om rett til fritak og får innvilga fritak.

Faktura for studieavgift kan betalast frå ein annan konto enn studenten sin eigen konto. I så fall er det ekstra viktig at betalinga er markert med KID-nummer og studenten sitt namn.

1.5. Konsekvens av forsinka betaling

Studentar som ikkje betalar studieavgifta innan fristen vil få ei purring på e-post om at ein vil miste studieretten ved HVO om ein ikkje betaler.

Dersom studenten responderer på purringa, kan HVO gi ein ny individuell frist for å betale studieavgifta.

Dersom studenten ikkje reagerer på purringa, kan studenten miste studieretten ved HVO.

1.6. Utrekning av studieavgifta

Studieavgifta vert utrekna etter det studieprogrammet studenten har studierett på. Prisen for dei ulike studieprogramma ved HVO vil variere frå år til år. Prisen vert annonsert på nettsidene: <https://www.hivolda.no/en/international/tuition-fees-non-eueeea-students>

HVO vil indeksregulerer studieavgiftene for studentar i fleirårige studieløp slik at dei vil vere relativt like over tid. Til dømes kan ein student betale 75,000 kr. for det første året i ein 3.-årig bachelorgrad, 78,000 kr. for de andre året, og 80,000 kr. for det tredje året.

Internasjonale studentar som har to studierettar samtidig, må betale for studieprogrammet som har den høgste avgifta.

HVO tilbyr ingen stipend eller rabattar for studieavgifta.

1.7. Innbetaling av studieavgift

Studenten betalar studieavgift ved å betale faktura som er utsend frå HVO.

Sidan fleire studentar betalar studieavgift frå utanlandske konti, kan det hende at overføringa ikkje stemmer heilt med summen i norske kroner. Studentar som betalar inn for lite i norske kroner vil verte purra på ytterlegare betaling. Studentar som betalar for mykje i norske kroner vil få tilbakebetalt overskytande. Det er mogleg at returnert beløp vert redusert noko på grunn av valutakursar og bankgebyr.

1.8. Stadfesting på betalt studieavgift

Høgskulen i Volda vil sende ut ei stadfesting på innbetalt studieavgift til nye internasjonale studentar slik at dei kan dokumentere til UDI at dei har betalt.

Internasjonale studentar i løp kan også be om å få ei slik stadfesting frå HVO.

2. Fritak

Regjeringa har bestemt at internasjonale studentar skal få fritak frå å betale studieavgift dersom ein fyller eit eller fleire krav. Sjå detaljert informasjon om desse vilkåra i punkt 2.2.-2.12.

Det er studenten som må passe på om hen møter eit av krava for fritak. HVO er ikkje ansvarleg for å finne ut om studenten på eit gitt tidspunkt fyller krav for fritak.

HVO vil informere nye internasjonale studentar om moglegheita for å søkje fritak frå studieavgift gjennom eit nettskjema. Studentane må laste opp naudsynt dokumentasjon for å få vurdert søknad om fritak.

Studentar som i løpet av studieåret fyller eit av krava til fritak vil berre få refundert innbetalt studieavgift dersom dei søkjer innan gitte fristar. Fristen for å søkje fritak for haust-semesteret eller heile studieåret er 1. september og for vårsemesteret 1. februar.

Studiedirektør kan i særlege tilfelle avgjere at studentar skal få fritak frå studieavgift også dersom det vert søkt etter fristen.

Studentar som leverer forfalska eller feilaktige dokument i søknad om fritak av studieavgift kan verte meldt til politiet.

2.1. Midlertidig fritak frå studieavgift

Studentar som ikkje fyller vilkår for fritak (sjå 2.2. – 2.12.) ved opptak til HVO, men som forventar å gjere det før studiestart, kan be om midlertidig fritak frå studieavgift. Dette t.d. om ein planlegg å gifte seg med ein norsk statsborgar i nær framtid (2.9.) eller forventar å få opphaldsløyve frå UDI som gir grunn til fritak (2.5.-2.8.).

For midlertidig fritak frå studieavgift, må studenten kontakte HVO før betalingsfristen for studieavgifta og få ein individuell avtale. HVO vil be om innlevering av relevant dokumentasjon etter informasjon i punkt 2.2.-2.12.

Fristen for å søke om midlertidig fritak er 1. september for haust-semesteret/heile studieåret og 1. februar for vårsemesteret.

Studiedirektør kan i særlege tilfelle gje studentar midlertidig fritak frå å betale studieavgift også etter fristen.

2.2. Fritak for statsborgarar frå EU/EØS og Sveits

Studentar som kan dokumentere at dei er statsborgarar av eit EU/EØS-land eller Sveits får fritak frå å betale studieavgift til HVO.

Dokumentasjonskrav:

Studenten må sende inn kopi av gyldig pass eller nasjonalt ID-kort frå eit EU/EØS-land eller Sveits.

2.3. Fritak for innreisande utvekslingsstudentar frå avtaleinstitusjonar

Studentar som utvekslar frå ein av institusjon i utlandet som HVO har ein utvekslingsavtale med, treng ikkje betale studieavgift.

Dokumentasjonskrav:

Ingen. Dette kjem fram av nominasjon frå partnerinstitusjonen i utlandet.

2.4. Fritak for studentar som starta på ei utdanning før august 2023

Studentar som starta eit utdanningsløp ved HVO før studieavgift for internasjonale studentar vart innført, altså før august 2023, treng ikkje å betale studieavgift så lenge dei studerer på det same studieprogrammet som ein starta på før hausten 2023. Dette gjeld også om ein har hatt permisjon frå studiet i ei periode.

Studentar som starta på eit studieprogram før hausten 2023 men som i skiftar studierett til eit anna studieprogram, vil ikkje lenger vere fritaken studieavgift.

Dokumentasjonskrav:

Ingen. Dette vil vise i studentdatabasen *Felles studentssystem* (FS).

2.5. Fritak for permanent opphaldsløyve

Studentar som har permanent opphaldsløyve i Noreg er fritakne frå å betale studieavgift til HVO.

Dokumentasjonskrav:

Kopi av gyldig pass/ID-kort. Kopi av opphaldskort og/eller vedtaksbrev frå UDI eller Politiet.

2.6. Fritak for opphaldsløyve knytt til beskyttelse og asyl

Studentar som har fått opphald i Noreg på grunn av krav om beskyttelse/asyl treng ikkje betale studieavgift til HVO så lenge dei har denne type opphald i Noreg.

Dokumentasjonskrav:

Kopi av gyldig pass/nasjonalt ID-kort. Kopi av opphaldskort og vedtaksbrev frå UDI eller politiet.

2.7. Fritak for opphaldsløyve for familieinnvandring

Studentar som har opphaldsløyve grunna familieinnvandring får fritak for studieavgift frå HVO. Personen studenten er foreina med må enten vere norsk statsborgar eller utanlandsk statsborgar med anna grunn for opphald i Noreg enn å studere.

Studentar som har fått lovleg opphald på sjølvstendig grunnlag på grunn av utlendingslova § 53 får også fritak frå studieavgift ved HVO.

Dokumentasjonskrav:

Kopi av gyldig pass/ID-kort, opphaldskort og vedtaksbrev frå UDI eller politiet.

2.8. Fritak for studentar med opphaldsløyve som familiemedlem av EU/EØS-borgar i Noreg

Studentar som er familiemedlem av ein EU/EØS-borgar som allereie bur og har opphald i Noreg, er fritakne frå studieavgift. EU/EØS-borgaren må i så fall ha eit anna opphaldsgrunnlag enn studie.

Dokumentasjonskrav:

Kopi av gyldig pass/ID-kort, opphaldskort og vedtaksbrev frå UDI eller politiet. Kopi av registreringsbevis frå EU/EØS-borgaren i Noreg.

2.9. Fritak for studentar som er sambuar eller gift med norsk statsborgar

Studentar som er gift med, eller er sambuar og har barn med, ein norsk statsborgar, treng ikkje betale studieavgift til HVO.

Dokumentasjonskrav:

Kopi av gyldig pass/ID-kort for studenten og sambuar/ektefelle. Opphaldskort og vedtaksbrev frå UDI eller politiet. Kopi av vigselattest (for gifte) og bustadattest.

2.10. Fritak for studentar som har arbeidd i Noreg i minimum 2 år

Personar som har arbeidd fulltid i Noreg i ei samanhengande periode på minimum 24 månader før ein vart student, og som har budd i Noreg og betalt skatt i denne oppteningsperioden, treng ikkje betale studieavgift til HVO. Vedkommande må ha hatt opphaldsløyve som arbeidstakar i oppteningsperioden og det kan ikkje vere pause mellom oppteningsperioden og starten på studieopphaldet, bortsett frå pausar grunna sjukdom eller fødsel.

Au-pair arbeid tel ikkje som fulltidsarbeid i denne samanhengen.

Dokumentasjonskrav:

Kopi av gyldig pass/ID-kort. Kopi av opphaldskort og vedtaksbrev frå UDI eller Politiet. Utskrift frå Skattemelding, lønsslipp eller annan dokumentasjon som viser 24 månader med samanhengande arbeid og skatteoppgjer.

2.11. Fritak for studentar som har studert i Noreg i minimum 3 år

Studentar som i ei oppteningsperiode har studert ved universitet eller høgskule i Noreg i minimum 3 år samanhengande og har fullført tilsvarande 3 år fulltidsstudie (180 studiepoeng), treng ikkje betale studieavgift til HVO.

Det er eit krav at studenten i oppteningsperioden ikkje har fått lån/stipend frå andre støtteordningar i Noreg eller Norden (som t.d. Norad, NUFU, NORHED, etc.). Det kan ikkje vere opphald i oppteningsperioden unnateken opphald knytt til å permisjon for sjukdom og/eller fødsel. Det kan heller ikkje vere opphald mellom oppteningsperioden og vidare studie ved HVO, sett vekk frå ferie eller andre undervisningsfrie periodar.

Dokumentasjonskrav:

Kopi av gyldig pass/ID-kort. Kopi av opphaldskort og vedtaksbrev frå UDI eller politiet. Kopi av vitnemål/karakterutskrift frå universitet eller høgskule.

2.12. Fritak for statsborgarar av Storbritannia

Studentar som er statsborgarar i Storbritannia og som har budd og opphelde seg i Noreg frå før 31. desember 2020 treng ikkje betale studieavgift til HVO. Dette kjem av ein overgangsordning i EØS-avtalen som gjer at statsborgarar frå Storbritannia hadde rett til opphald i Noreg som EU/EØS-borgarar til 1. januar 2021.

Statsborgarar frå Storbritannia som kom til Noreg etter 1. januar 2021 må betale studieavgift om dei ikkje fyller eit av den andre krava til fritak.

Dokumentasjonskrav:

Kopi av gyldig pass/ID-kort. Kopi av opphaldskort/vedtaksbrev frå UDI eller politiet, eventuelt registreringsbevis frå UDI/Politiet.

3. Refusjon av studieavgift

Studentar som har betalt inn studieavgift til HVO men ynskjer å få denne refundert, må søkje om refusjon innan 1. september for haustsemesteret/heile studieåret, eller 1. februar for refusjon av studieavgift i vårsemesteret.

Studenten må sende inn førespurnad om refusjon innan fristen og til e-postadressa admissions@hivolda.no.

3.1. Godkjende årsaker til refusjon

Refusjon av studieavgift kan skje både i tilfelle der studentar trekk seg, søker permisjon og/eller i tilfelle der studentar fyller krav til fritak i etterkant av å ha betalt studieavgifta.

Refusjon av studieavgift kan også skje i tilfelle der studenten ikkje får opphaldsløyve frå UDI eller at studieprogrammet som studenten har fått opptak til vert kansellert.

Studentar som har fått opptak på grunnlag av forfalska eller feilaktige dokument, vil ikkje kunne få refusjon frå betalt studieavgift. Studentar som leverer forfalska eller feilaktige dokument i søknad om fritak eller refusjon av studieavgift kan verte meldt til politiet.

3.1. Prosedyre for refusjon av studieavgift

Ved refusjon av studieavgift, returnerer HVO det beløpet som er betalt inn og til den personen/kontoen som betalte studieavgifta i første omgang.

Beløpet studenten får refundert kan verte mindre enn opphavleg innbetaling på grunn av vekslingskurs og gebyr frå bankane.

3.2. Frist for å søkje refusjon

Studentar som søker om refusjon av studieavgift etter 1. september (eller 1. februar for vårsemesteret) vil normalt ikkje få refusjon.

I tilfelle der HVO har feilaktig innkravd studieavgift frå ein student, eller ved andre særlege tilfelle, vil Studiedirektør kunne bestemme at studenten skal få refundert betalt avgift også etter fristen.

3.3. Refusjon av deler av studieavgift

Studentar som har betalt studieavgift for heile studieåret, og som ikkje får refusjon for haustsemesteret, kan likevel søkje om refusjon for vårsemesteret innan 1. februar.

4.0. Klagerett

Vedtak om betaling, fritak og refusjon av studieavgift er å rekne som eit enkeltvedtak og såleis har studenten rett til å klage etter Forvaltningslova paragraf 28 og 29.

Studenten må sende inn klage innan 3 veker etter at vedtaket vart formidla av HVO og/eller 3 veker etter det er grunn til å forvente at studenten fekk vite om vedtaket.

Klagen må sendast til admissions@hivolda.no og studenten må i klagen grunngje kvifor vedtaket ikkje er riktig.

Studenten vil ha innsynsrett i dokumenta knytt til klagesaka, j.f. paragraf 18 og 19 i Forvaltningslova.